

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 8

OKTOBER 1977

27. årgang

UNDER BORDET

Vi hadde ein lengre telefonsamtale med biskop Monrad Norderval ei veke før han døde i fjor. «Eg skal skrive ei bok om skattesnyteri», sa han. Så kom han med masse eksempel på den snikande umoral som følgjer med pengekjærleikens enorme makt. Norderval som heile sitt liv har kjempa for alle ulykkelege som er blitt bundne i rusmidlas lenker, og som blei den vekkarrøsta som verkeleg åpna augene våre for alle dei grusomme livssynsforfølgjingane i diktaturlanda, hadde blitt livredd den moralundergraving som pengegaloppen leda vårt folk inn i.


Biskop Norderval nådde ikkje å skrive boka. Men hans argumentasjon gjorde i alle fall eit sterkt inntrykk på oss. «Skal du ha deg eit lass grus, så spør mannen med gruslasset, det kostar så mye dersom du ikkje gir det opp», sa biskopen. «Det er ikkje sant at det er kvitsnippforbryteri som er det store problemet», sa han.

Men, seier folk, dette er da så allment, og skal vi få litt til overs så må vi drive på slik i vårt land med så urimelege skattelover. Vi for vår del synest det er deler med våre skattelover som burde endrast, men det frigjer meg ikkje til t.d. å ta 25.000 kr. under bordet ved sal av ei tomt. Ei slik handling kan berre karakteriserast som snuskeri og synd. Det ein gjer da er akkurat det same som å gå til naboen medan han er på ferie å stele pengeboka hans.

Det mest alvorlege er at vi etter kvart tilsmussar vårt indre liv. Ei sann kristentru kan umuleg trivast i slike forhold. Vi ber ofte i kyrkja om at vi må bli verna for gjerrigskap. Ein kan ikkje tene både Gud og Mammon. Gudslivet kan ikkje eksistere lenge der vi blir uærlege i handel. Når Monrad Norderval var så ivrig opptatt av dette på sine siste dagar var det tydelegvis ikkje for noen lusne kroners skuld. Det ville i tilfelle vere høgst ulikt han. Men det var fordi han var redd for at folkets indre liv var i ferd med å få ein grunnskade. Altså at vi var i ferd med å putte heile vårt liv under bordet. «Og da var Jesu død til fånyttes», for å sitere Paulus.

Biskopen døde på juleaftan, minnekvelden for Jesu fødselsfest. Med falda hender fekk han følgje han som også sa: «I natt kjem eg og krev sjela di, kven skal så ha det du eig?» Snuskeri gir oss aldri Jesu rettferds prydnad.

Faderauget strålar gjennom korset, syner bildet under oss. **JESUS HAR FOR ALLTID AVSLØRT GUD SOM DEN MISKUNNSAME! MEN NETTOPP DERFOR MÅ OGSÅ GUD TA EIT OPPGJER MED SYNDA, OG FORDØME DEN: «Har vi fått livet i Anden, så la oss og ferdast i Anden». Gal. 5, 25.**



DÅSOPPLÆRING

Orkdal kommunestyre har også gått imot at barnehager og forskole skal ha kristen formålsparagraf. Vi reknar med at omlag 99% av alle barn i Orkdal blir døpt. Det betyr at heile folket her forpliktar seg på ei kristen barneoppseding. På denne bakgrunn verkar vedtaket i kommunistyret både urimeleg og uforståeleg. Og denne bakgrunnen er det ein må sjå denne saka ifrå. Argument om anleistenkande foreldre og barn til framandarbeidarar er heilt søkt i vår samanheng. Det vi er, er ei bygd av fadrar i vår lutherske kyrkje, og det bør både privatpersonar som kommunestyre dra følgjene av.

Orkdal kommunestyre gjekk for kort tid sidan med overveldande fleirtal inn for statskyrkjeordninga. Vi har svære vanskar med å forstå den logiske samanheng mellom dei to vedtaka. Resultatet av slik framgangsmåte blir døde papirvedtak. Det er vi verken som kyrkje eller folk tent med.

Hendingane bør mobilisere oss i arbeidet for ei skikkeleg dåpsopplæring i menighetene. Barne- og ungdomsarbeidet må samordnast og prioriterast i langt større grad enn før. Her trengst det frivillig innsats av tid og krefter, og her trengst det frivillig økonomisk støtte av langt større dimensjonar enn tidlegare. Menigheten sitt fadderansvar bør kvile tungt på oss. Ein treng leदारar og anna vaksenstøtte i søndagsskolar, barnelag, speidargrupper, ungdomstiltak m.v. Når det gjeld økonomien burde den faste givartenesta som er sett igang vere ein appell til langt fleire enn hittil.

SLEKTERS GANG



Døpte

Orkdal.

- 4.9. Jahn Willy Rødseth
Gunvor Marit Garberg Moen
Torill Eriksen
Lise Betten

Orkanger.

- 14.8. Anne Siri Volden
14.8. Asle Mæhlen Landrø
18.9. Monica Øklend
18.9. Tore Prestmo
18.9. Rolf Inge Sommervold
18.9. Inger Merete Elven

Geitastrand.

- 11.9. Kristin Lorentsen



Vigde

Orkdal.

- 3.9. Odd Helge Storli og
Grethe Norunn Engløkk

Orkanger

- 13.8. Ingvar Stockfleth Saur og
Vigdis Martinsen
20.8. Geir Sæther og
Gunn Johanne Leknes
3.9. Petter Bakken og
Anne Rigmor Sognli



Døde

Orkland

- 4.8. John Høston, f. 1898
14.8. Ingebjørg Halgunset, f. 1916
1.9. Fredrik Herman Skjervø, f. 1905
3.9. Hans Bernt Hansen, f. 1919
5.9. Ingeborg Lium, f. 1898
11.9. Berit Anna Lium, f. 1903

VAL AV NYE SOKNERÅD

Orkland sokn

9. 10. 1977

Eimund Asbøl
Anders Bonde
Marit Dalen
Olav Damli
Jostein Dalen
Ragna Fagerli
Styrkar Grønning
Ingvar Grytdal
Gunvor Grø
Anne Høston
Gunnar Hoseth
Erling Høston
Jens Indergård
Målfrid Kvikne
Jorhild Ljøkjel
Sigrid Ljøkjel
Gunvor Ljøkjel
Gunnar Opøien
Berit Resell
Gudrun Sandstad
Einar Sandvik
Margit Vangen
Olaug Øverby
Olaug Aamot
Klara Aamot

Orkdal sokn

6. 11. 1977

Gabriel O. Eikli
Anne Eldevik
Alfhild Engen
Johan Fagerholt
Ingvald Gangås
Ivar Konrad Gangås
Liv Gjelsvik
Elisabet Gjønnes
Karen Helene Hagen
Bjørn Hansen

Orkdal.

- 27.7. Einar Aune, f. 1913
23.8. Peder Rekstad, f. 1921
30.8. Amund Solhus, f. 1961
4.9. Karl Johan Lyse, f. 1908
4.9. Brynjulf Gangås, f. 1893
9.9. Ole E. Solhus, f. 1890
9.9. Marit Bøgevoll, f. 1894

Orkanger

- 3.8. Odin Ebbesen, f. 1912
4.8. Ole Eggan, f. 1905
5.8. Gunnar Elshaug, f. 1918
6.8. Olaf M. Gjønnes, f. 1886
31.8. Ole Nervik, f. 1896
22.8. Ellen Monsen, f. 1901
30.8. Astrid Elfrida Rønning, f. 1904
4.9. Rasmus Rønning, f. 1895
6.9. Jakob Næss, f. 1908

Johan Hukkelås
Erling Høston
Arne Høvik
Eldbjørg Kråkenes
Astrid Kvidal
Olav Lysberg
Gunnar Melås
Olav Metliås
Johan Meyer
Arnfinn Nesset
Kari Reitan
Erling L. Solem
Per J. Solem
Anna Thoresen
Anna Marta Vinterdal

Orkanger sokn

9. 10. 1977

Harald Hukkelås
Agnes Singstad
Finn Skauvik
Esther Larsen
Anne-Louise Iversen
Egil Singstad
Magnhild Hoff
Ellen Antonsen
Elbjørg Lyngstad
Jostein Mælen
Gudlaug Aae
Mary Wuttudal
Noralf Sødahl
Randi Falck
Gerd Saltnes
Berit Solligård
Bergliot Asbjørnslett
Arnlaug Hepsø
Hildur Dahlø
Margrethe Fosslund

Geitastrand sokn

16. 10. 1977

Gunhild Bjørnbet
Aage Garberg
Ester Husby
Enok Husdal
Asbjørg Husdal
Gudrun Halsen
Sissel Haugnes
Gunhild Ingebrigtsen
Inger Isdal
Gunerius Kjøren
Marie Knutsen
Berit Mo
Arnt N. Ofstad
Gunvor Ofstad
Håkon Sletvold
Ingebjørg Sletvold
Synnøve Sletvold
Anna Aasheim

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Minnefonda

Vi har fått svært mange spørsmål i det siste om minnefonda som blir brukt ved gravferd. Derfor på nytt ei kort orientering. Alle fire sokneråda i prestegjeldet har no minnefond. Innkomne midlar blir disponert av sokneråda. Midlane skal ikkje brukast på områder der kommunen dekkjer utgiftene. Men det er andre utsmykkingsoppgaver ved kyrkjegard, kyrkjeområde og kyrkjer som kan komme på tale. Vidare er det heilt klart at ein av fonda bør gi støtte til miljøtiltak for eldre. Dette under mottoet «Gi meg en blomst mens jeg lever!» Men fonda er nye hos oss, og bruken

til s. 4

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,
Harald Metliås, Einar
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-
hild Asphjell, Dagny Korsli,
Lars Bonvik. Harald Hukkel-
ås. Bankane. Alfhild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås

Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren

— Over 700 av landets 1315 menigheter har nå etablert egne aksjonskomiteer foran Nødhjelp -77, og vi håper jo at de andre kommer etter i nær framtid, sier informasjonssjef Svein Tornås i Kirkens Nødhjelp til Kirke-Aktuelt. Tornås er aksjonsleder for den største innsamlingsaksjon i norgeshistorien. Opp mot 100000 mennesker skal den 30. oktober gå fra hus til hus over hele landet for å be om gaver til Kirkens Nødhjelps omfattende hjelpearbeid.

Nødhjelp 77 vil være en ekstra hjelp til blant annet de millioner av barn som sulter.

— Vi har en stor fordel i forhold til de tidligere store innsamlingsaksjonene, i og med at vi kan bruke menighetsstrukturen i kirken. På den måten når vi hver eneste krok av landet, mens andre innsamlere har vært avhengige av organisasjoner som mer er konsentrert i tettstedene.

— Hva skjer rundt om i menighetene nå?

— Fram til sommeren har de lokale aksjonskomiteene to oppgaver. De skal dele menigheten opp i roder, og regne seg til hvor mange besøkere de trenger. Dessuten skal de ta kontakt med den banken som skal fungere som innsamlingsentral og opptellingssted.

Tornås forteller også at det er laget en egen aksjonsfilm som nå vises rundt omkring i landet. Foreløpig er det laget 30 kopier av den 16-17 min. lange filmen, men det må lages ytterligere 70 kopier for å dekke behovet.

— Hvor mange penger regner dere med å få inn på Nødhjelp -77?

— Vi regner med at vi minst skal nå samme sum som Flyktningerådets aksjon i 1974, som innbragte 25 millioner kroner. Men utover det er det svært vanskelig å spå.


— Har dere apparat til å ta imot så mye penger og til å bruke dem riktig.

— Det har vi. Vi har prosjekter som er i gang og som trenger store midler i tiden som kommer. Vi har prosjekter som lett kan utvides og vi har mulighet for å ta opp nye prosjekter. Dessuten håper vi at vi skal få så mye penger at vi kan sette av noe til et katastrofefond. Katastrofer lar seg naturlig nok ikke budsjettere og det

30. oktober
er D-dagen

vil være til stor hjelp å ha et eget fond å ta av i slike situasjoner.

Trioen Svein Tornås, Jan Otto Kvalheim og Ingvild Kobberstad er fulltids opptatt og mer enn det med planlegging og gjennomføring av denne storaksjonen. I tillegg har Kirkens Nødhjelp engasjert flere journalister som skal besøke de forskjellige prosjektene som er satt i gang rundt om i verden. Dessuten gjør fjernsynet sitt til å gjøre Kirkens Nødhjelp og Nødhjelp -77 kjent. Arne Fjærtøft er dratt til Asia og skal sammen med et filmteam lage en rekke innslag om det arbeid som Kirkens Nødhjelp driver der. Så det skal ikke skorte på informasjonen i tiden fram til 30. oktober.



Bautasteinen på Grøtte

Som alle ville ha sett står det ute på kyrkjebakken ved Orkdal kyrkje ein høgvoren stein, vel så 3 meter over jorda.

Framanfor denne steinen er ei minnetavle med innskrift:

«Denne eldgamle bautasteinene står på garden Grøtte ORKDAL PRESTEGARD. I gamle dager heite garden GRYTTE, og ein grannegard er kalla GRJOTAR o.s.b.

Kven steinen er reist over veit ingen. Men no står han her til minne om han som samla landet vårt og om han som kristna det —» Under står nemnt: HARALD HARFAGRE — OLAV HARALDSON og KARE GRYTTE. Denne minneplata vart sett opp for 20-30 år sia.

Så hende det her i sumar at eg fekk vitjing av en gamal slektning, Arnt Sundli, busett på Eidsvoll. Arnt er no 93 år gamal, f. 11. jan. 1884 på Sundlimoen av foreldre, Erik Arntsen og Marit. Arnt har vore lærar sia han tok til som vikar ved Engan skule i Alen, — Amt skule i Meldal, Øvsti i Stjerdal, Straumen i Alvdal og så til Råholt skule i Eidsvoll. Her var han og klokkar til han fall for aldersgrensa i 1953.

Da han for her i sumar kom eg til å nemne for han denne minnesteinen på Grøtte. Han vart straks i «fyr og flamme», han viste ikke av nokon slik Bautastein på Grøtte. Så måtte eg fortelja han kva som stod på steinen. «Dette er berre tull», sa han, og dette skal du skrive om i menighetsbladet, — «eg veit så vel kvar denne steinen er kome i frå.» «Ja så får du skrive åt meg kva du veit om denne steinen» sa eg, og her kjem det kva Arnt skriv om dette mistaket —.

Nokre barne- og ungdomsminne.

Då eg var på ferietur til Trøndelag i sumar reiste eg og gjennom Orkdalen. I Orkdal måtte eg sjølvsagt ein tur opp på Grøtte kjerkegard og sjå fedregravene der. Der ligg besteforældra, foreldra, brødre, slekt og vener — mange — mange. Sinn og tanke vert fylt av gamle minne.

Jeg tenkte at eg som smågut fylgde far til gudstenest i den gamle kjerka. Det som tok meg mest, var alle figurane av englar og menneskje kring

den vakre altertavla. Så eg fekk då noko med meg heim frå gudstenesta eg og. Så vart den gamle kjerka rive, — og alt kunne nyttast under den nye Grøtte kjerke, kom hit. (Altså vart all steinen i gamalkyrkja bruka til fundament under nykyrkja). Berre den største steinen i murane vart halden att.

Denne steinen låg ei tid borte ved steinmuren ved hovedporten til kjerkegarden. Under transporten rauk han av, og eg har som eit lite minne om at eg høyrde prat om at MORTINUS SMED, — far til Erik Smed på Fandremoen, hjelpte dei og sveisa steinen saman att.

Under arbeidet med å mura den nye Grøtte kjerke, vart og steinen reist der på kjerkebakken. Eingong far og eg gjekk opp til steinen, sa far åt meg — «Dette er den største steinen i Gammelkjerka, — me tok denne vekk og reiste han der, så folk skulle ha eit minne om kjerka som no er borte.»

Grunnen til at eg veit dette og meir til, er nok, at far, morbror Lars Sundli og grannen vår Lars Sundlimoen, var med i arbeidet der frå byrjinga av. Arbeidsdagen var langt den gongen, og karane måtte ha middag der under arbeidet. Anders Sundlibergom og eg gjekk mang ein gong med middag til folka våres der. Dette gjorde at eg vart kjend med mykje av arbeidet der på kjerkegarden.

Når det gjeld steinen der, var dette berre ei lite stykke av arbeidet. Inkje offentleg vedtak, (om Reising) inga folkesamling, — ingen store ord, — og inga skåling vart halden. Steinen vart berre reist der —

Folk viste ikkje meir om det. Mange år etter kom det spurlag om denne steinen —. Dei gamle var burte. Ingen viste noko — Ingen hadde skrive noko. Lote var skrive om gamle GRØTTE KJERKE og, — ikkje mykje om den nye heller. Dei karane som lå i Munklia - steingruva, med slegge, spett, feisel og bergkrut og braut ut stein. Og dei som sleit og kjørde desse tunge lassa ned den fjarlege Storleiva i MUNKLIDALEN og ned dei bratte Sundlibakkane, er det vel heller ikkje skrive mykje om. Eg stod mange gonger nede på veggen og såg på

Min varmeste takk for all deltakelse ved min kjære Hans's bortgang. Takk til dr. Arnkværn for all god hjelp. Takk til leger og sykesøstre ved kir. avd. 3 ved Orkdal San.for. Sjukehus for god pleie og omsorg.

Solveig Hansen.
Øvrige familie.

dette slitet. Vart det seinare spurlag etter noko her, så viste ingen noko —. Akkurat her, som med steinen på kjerkebakken.

4.7. 1977 Eidsvoll Verk — Arnt Sundli 93½ år gamal. Folk trudde og trur, at dette er ein gamal minnestein (Bauta-stein) som vart funne i jorda i nærleiken av kyrkja.

Historielaget fekk, i oppdrag av et redaksjonsutvalg til utgjeving av Kulturminnekatalog, og lata registre alle faste kulturminner som finnes i bygda. Me fann vel ut eit tjuetals slike minner som me let fotografere med nøye beskrivelse. Her vart og minnesteinen på Grøtte sjølvsagt og med.

Så er denne «bautaen» berre «noko stort tull» som Arnt segjer. Det var ei stor «Steinflis» som har lege i kyrkjemuren i gamalkyrkja i 6 hundre år, kyrkja bygd av Erkebisp Eysteinn i åra 1150/80, til ho vart riven i 1892.

Denne steinen er etter dette ikkje nokon bauta over nokon, — men ein minnestein over gamalkyrkja som stod her i meir enn 600 år.

Svorkmo 21. juli 1977.

Knut Løkelsøy

Minnefonda - - -

Framhald frå s. 3.

er enno ikkje prøvd ved utdeling. Minnefonda er blitt meir og meir brukt ved gravferder i det siste. Det er enno vanlegvis alt for mye blomster ved gravferd, så det ville vere sunt om enda fleire nytta fondsblankettane ved kondolansehelsingane sine.

Gordon Johnsen ga mye frå si rike livserfaring under haustbesøket også i år. På festen på Follo 24.9. snakka han om kriser i modne år, og ved gudstenesta i Moeskyrkja 25.9. forkynte han aktuelt og sjelesørgjerisk om døden. På prostimøtet i Rennebu søndag ettermiddag var emne hans om kontakt — forhold mennesker og grupper imellom. Noe både for hjarte og tanke.

Den nye høymessen

Det er med en viss uro mange menigheter imøteser innføringen av den nye høymesseliturgi. Særlig frykter de at den skal virke fremmed og bli vanskelig å lære. Jeg kan berolige med at forandringene ikke er flere eller større enn at man vil kjenne den nåværende høymesse igjen så å si ledd for ledd.

Av forandringer som vil merkes, er at inngangsbønnen er erstattet med hilsenen: «Nåde være med dere og fred fra Gud Vår Far og Herren Jesus Kristus.» Likeledes blir avslutningen noe annerledes enn i den nåværende, idet man istedet for kollekten for Ordet får en lovprisning. De øvrige forandringer er alle av mindre karakter, kanskje bortsett fra at tekstene for manges vedkommende er nye. Blant annet skal det være en tekst fra Det gamle testamentet lest ved hver høymesse. Det vil også et visst antall ganger i året bli prekt over en gammeltestamentlig tekst.

En viktig ting ved den nye liturgi er menighetens utvidede deltakelse. Alle kan delta i fremsigelsen av syndsbejennelsen, trosbekjennelsen og Herrens bønn. Det er også adgang til at en lek leser tekstene og leder trosbekjennelsen fra en lesepult i koret.

Det som vil volde arbeide fra menighetens side, er den muskalske del av liturgien. Den er for det meste ny. Den har sin bakgrunn i de liturgiske bevegelse i dag over hele verden. De er preget av en sterkere lovsangstone enn i den liturgi som vi har i dag. Man har derfor også hos oss latt den liturgiske musikk få et lysere preg. Men vanskelig er den ikke. Den er enkel og lett å tilegne seg. Men den vil nok til å begynne med kjennes uvant og volde en del besvær.

Nå skal den nye liturgi ikke nødvendigvis gjennomføres over natten, selv om man har satt



1. søndag i advent som overgangsdag. For det første vil menighetene allerede i september bli gjort kjent med den. Det vil bli arrangert kurs for prester og organister. Det vil bli sendt hefter med en fullstendig liturgi til utdeling i menighetene, slik at det kan øves på den både av den enkelte i hjemmene, i menighets-samvær og grupper. Videre er det foreslått at man kan søke om utsettelse med innføringen ett år av gangen. For å lette gjennomføringen vil det bli bestemt at det de to første årene bare kan nyttes én og samme liturgi for høymessen. Selv om det vil foreligge enkelte varianter, vil ingen av disse kunne tas i bruk i denne første periode.

Det er vårt håp at den nye høymessen vil bety en fornyelse også i menighetenes gudstjenestetiliv. Vi ber om Guds velsignelse over denne viktige menighets-tjeneste i lovprisning, bønn og tilbedelse.

Biskop Tord Godal
i «Nytt fra Nidaros»

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00

Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00 (Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30 (Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30 (Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir

Skolemateriell

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo
Handelsamlag

KONFIRMANTAR

i Geitastrand 2.10. 1927.

Karen Meland
Arntine Gunelie Tungen
Anna Eline Kvernmo
Jenny Oline Haugness
Dorte Legar
Einar Meland
Håkon Kjartan Sletvold
Georg Hukkelås
Reidar Kvernmo
Ole Fredrik Isaksen
John Sletvold
Edvard Teodor Aursjø
Arne Gottfred Ofstad
Egon Fischer
John Halsen
Per Kjøren

i Orkdal 25.9. 1927.

Albert Rudolf Rundin
Anders Sundli
Arne Sommervold
Arne Fagerli
Arne Belsvik
Arvid Evjen
Bernt Blomli
Bernt Brandli
Bjarne Ingolf Johnsen
Bjarne Sigurd Andresen
Edvard Forvemo
Einar Aaune
Einar Larsen
Erik Lefstad
Erling Martin Bjerkli
Harald Magnus Eriksen
Harald Støre
Ivar Evjensvoll
Ivar Johan Eggan
Johan Meaas
Johan Østhus
Johan Fredrik Kjempe
Johan Martin Kartbak
Jon Aarvik
Jon Ustad
Kristian Meland
Lars Forve
Leif Johan Lillery
Leif Garberg
Magne Snoen
Martin By
Mikal Ustad
Nils Sølberg
Odd Reidar Kvam
Oddmund Bakksæter
Olav Kjelstad
Olav Eikli

Olav Marentius Melby
Ole Kråkdal
Ole Melandsør
Ole Sunli
Paul Evjen
Reidar Espen
Reidar Tuflaatt
Reidulf Kvikne
Sivert Bakk
Sivert Gjønnes
Sverre Kuraas
Sverre Julius Asbjørnslett

Anna Gunhild Warholm
Anne Erikka Evjen
Arntine Sve
Aslaug Kroken
Borghild Kvaale
Caspara Pauline Eggen
Eli Kvakland
Gudrid Johanne Mathilde Eggen

Gudrun Olava Sæther
Gunvor Række
Gunvor Garberg
Ingeborg Vasli
Ingeborg Johanne Almlil
Ingrid Forve
Jenny Melby
Johanne Dørdal
Karen Koksæter
Karen Anette Grønvold
Karen Svorkaas
Karen Anna Aas
Klara Oline Vutudal
Laura Meaas
Laura Johanne Eggen
Marie Eggen
Marit Fuglaas
Olga Løkken
Olga Marie Andøl
Oline Johanne Vutudal
Oline Sundli
Ragnhild Sundli
Ragnhild Støre
Randi Eggan
Signe Fredrikke Holden
Sigrid Eide
Sigrid Rønning
Tora Kvaale
Yngvild Høyem
Aase Blomvik
Aasgjerd Kyllingstad
Astrid Marie Tuflaatt

i Orkanger 18.9. 1927.

Arne Jarl Lorentzen
Arne Heggund
Asbjørn Solberg
Bjarne Margido Mathiesen
Gunnar Ingvar Gundersen
Gunnar Margido Kjonli
Harald Johannes Næss
Hilmar Marentius Tretøy
Håkon Albert Bakk
Håkon Henden
Ingar Bentz Bakken
Johan Gjønnes
Johna Løkstad
Johan Oskar Trang
Kristian Arvid Meland
Kåre Martin Evjen
Ludvig Østlund
Odin Ebbesen

Olav Eli
Olav Lønnum
Ole Størset
Ole Hoff
Rolf Karlsen
Tryve Reitan
Amalie Kringstad
Anna Elnæs
Anna Rømmesmo
Anna Thorlaug Karin Fåfeng
Anne Lovise Andersen
Asbjørg Korsen
Aslaug Aarvik
Gudrun Marie Sæther
Gustava Ebbesen
Hedvig Mathilde Larsen
Hilma Sæther
Hjørdis Olsen
Hjørdis Amalie Klungervik
Ida Lovise Larsen
Jenny Dalum
Jeny Haugnes
Marie Lillemyr
Marie Eggan
Marvel Sofie Hoff
Olaug Nikoline Sandgrind
Sigrid Snildal
Sigrid Andaas
Solveig Kufaaas
Svanhild Kristiansen
Thora Gurine Jensen

50-årskonfirmantsamlingane blir desse dagane:
Orkdal 2. 10,
Orkanger 9. 10.
Moe 23. 10. og
Geitastrand 6. 11.

25. årskonfirmantane er også invitert. Altså konfirmantar frå 1952.

i Moe kyrkje 2.10. 1927.

Anders Hoston
Arne Grø
Erik Viken
Ivar Rye
John Salberg
John Grø
Hans K. S. Kligen
Knut Rise
Kåre Svorkmo
Lars Aune
Lars Mo
Magne Stavelli
Hilmar F. N. Hegle
Olav Bratset
Ola K. Dalen
Torleiv Torleivsen

Anne Espaaas
Birgit O. Moen
Borghild Bjørnbet
Borgild Lund
Eli Garberg
Fredrike Valstad
Gudrun Opøyen
Ingeborg Korsli
Jenny Ljøkjel
Johanna Hongelo
Ingeborg K. Karla Larsson
Johanna Pettersen
Jonetta Hagemo
Julianna P. Utnes Nilzen
Karen Halgunset
Karen Asbøll
Karen Liium
Nelly Fossum
Pauline Paulsen
Petra Kroksæter
Ragna J. Iversen
Randi J. Lomundal
Sigrid O. Ry
Tora Hongelo



VÅR MENIGHET

Til *Fjellkyrkja* har det kome eit jamnt sig med innbetalingar sidan blanketten blei lagt ved siste menighetsblad. Summen denne gongen har alt passert kr. 10.000, og framleis er det folk som sender inn. Tømmerhogsten vil ta til igjen med det første. Elles held planlegginga med nytt finansieringsopplegg på for fullt.

Agnes Syvertsen på Orkanger aldersheim har gitt eit stort, fint hekla sengeteppe til utlodning for *Fjellkyrkja*. Kanskje andre også ønskjer å gå i hennar spor. Vi takkar for fin gæve.

Kontortid på prestekontora på Fannrem og Orkanger er no: Tysdag 17-19, torsdag og laurdag 10-12. På Svorkmo måndag 10-12. Prestane kan sjølsagt også treffast utanom kontortid. Prost Rogstad og kallskap. Sletta-hjell har fridag kvar måndag. Res. kap. Eidhamar har fridag på laurdag.

Arnold Lorentzen som går siste avsluttande året på Diakonhemmet har hatt ein månads praksis i Orkdalsmenigheten i aug./sept. Mange har alt lært å setje pris på denne trivelege karen frå Mosvika.

Søndagsskolane har tatt til igjen etter sommarferien. I prestegjeldet vårt er det søndagsskolearbeid i gang på desse plassane: Svorkmo, Vormstad, Monset, Megården bedehus, Evjen skole, Gjelme, Orkanger og Kjæra. Dei to siste plassane er møtedagen onsdag.

Orkanger menighet har starta opp med eldretreff ein gong for månaden. Det er også eldreterapioppl. på Orkanger aldersheim. Her er det Leif og Eldbjørg Lyngstad, Andreas og Gunvor Solem og Børre Olsen som står for opplegget.

Børre Olsen er alt i full gang som eittåring på Orkanger. M.a. er han aktivt med i eit fint konfirmantgruppeopplegg.

Til *gudstenestene* og eldretreffa på alderheimane er også andre velkomne enn dei som bur på heimane. Dei dagane er det altså åpne dører.

Framh. s. 8.

Mennesket på flukt

Jonas 1. 5.

Arven vi har fått fra våre foreldre inneber også at vi er redd Gud, vi flykter.

Når Gud kaller på oss, flykter vi.

Jeg hørte lyden av deg, da ble jeg redd sier Adam. Da Jonas hørte om oppgaven Gud vilde ha ham til å utføre, da flyktet han. Ikke noe øyeblikk i vårt liv er så mettet med evighetsalvår, som når Gud er nær. Det er skjebnetimer fulle av ansvar og evige konsekvenser. Vi må velge enten å gi Gud vårt liv eller flykte videre uten håp og uten Gud. Vi kan aldrig gjemme oss for Gud. David sier i salme 139. 7: Hvor skal jeg gå fra din ånd, og hvor skal jeg fly fra ditt åsyn —? Nei, Gud er over alt. Du er vel oppmerksom på at du ikke kan leve en dag uten at du må ha med Gud å gjøre: Det er du i Gud vi lever og rører oss og er til».

Flukten fra Gud fører oss ut i storm.

Jonas fikk en reise han aldri glemte. Det var Guds kjærlighet som laget stormen, han vilde bruke og velsigne sin tjener. Det ble en dyr reise for profeten, han måtte selv betale den. Reisen gjennom livet blir dyr for den som flyr fra Gud. De må betale med et liv i uro, kamp mot Gud, en dømt samvittighet og tilslutt sjelens fortapelse. Nå har Gud ordnet det slik at vi kan reise gjennom livet på Guds ansvar og risiko. Ved Jesu død på Golgata ble det utstedt en fribillet for alle som tar imot Jesus. Denne fribillett er frelsen i Jesu blod, da kan vi synge: Så reiser jeg trygt til mitt herlige land, trods bølgenes skyhøye går — — — » Som kristne flykter vi ofte fra oppgavene, vi er redd ubehageligheter. Men er vi villige og går, vil det ende med takk og bønn om å få tjene ham fortsatt.

Iblant er det nødvendig å flykte.

Det lød til Lott: Fly for ditt livs skyld». Da Josef ble fristet i Pottifars hus tok han flukten, og det ble hans redning. Guds ord formaner oss til å: Fly ungdommens lyster», verdslig selskap, fornøysler, flørtning og alt som vil verdsliggjøre og tyne gudslivet i oss. Fordi Peter ikke flyktet gikk det galt. Det skal større mot til å fly enn å stå, det er lettest å følge massen, være som de andre. Kristne venn, vær på vakt og be om lys og kraft til å leve at ditt liv blir til signing for de andre.

Andreas Konstad

Orkel

— et kvalitetsprodukt

Maskiner og redskaper for landbruket



JOH. GJØNNES
MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI
7320 Fannrem - Tlf. 82 375

Søndag er oppstandelsesdag

2.10 17. s. e. treeining

Geitastrand k. kl. 11.

Høgmesse v/kallskap. Sletthjell.
Buss fra Husdalen.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/res.
kap. Eidhamar.

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v/prost
Rogstad. 50-årskonfirm. Offer til
Søvasskjølen fjellk.

9.10 18. s. e. treeining

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/kalls-
kap. Sletthjell. Soknerådvalg.

50-årskonfirm. Offer til menighets-
arbeidet.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v/res.kap.
Eidhamar. Soknerådvalg.

Orkdal aldersheim kl. 11. Gudsteneste
v/prost Rogstad. Nattverd.

16.10 19. s. e. treeining

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost
Rogstad og misj.sekr. Gabriel Eikli.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/kalls-
kap. Sletthjell. Nattv.

Geitastrand k. kl. 11. Familiegudst.
v. res.kap. Eidhamar. Utdeling av
«Min kirkebok». Offer til søndags-
skolen. Soknerådvalg. Buss fra Rå-
bygda.

23.10 20. s. e. treeining

Moe k. kl. 11. Høgmesse v/res.kap.
Eidhamar. 50-årskonfirm. Nattverd.
Offer til Menighetsarbeidet.

Orkdal k. kl. 11. Familiegudsteneste
v/prost Rogstad. Utdeling av «Mi
kyrkjebok». Offer til søndagsskolen.

30.10 Bots- og bededag

Orkdal k. kl. 11. Gudsteneste v/res.
kap. Eidhamar.

Orkanger k. kl. 11. Gudsteneste v.
kallskap. Sletthjell.

Moe k. kl. 11. Gudsteneste v/prost
Rogstad.

6.11 Alle Helgens Dag

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v/prost
Rogstad. Offer til Misjonssamban-
det. Nattverd. Soknerådvalg.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/kalls-
kap. Sletthjell. Offer til Menig-
hetsfakultetet. Nattverd.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v/res.kap.
Eidhamar. Nattverd.

Geitastrand k. kl. 15. Gudsteneste
v/res.kap. Eidhamar. 50-årskonfirm.
Offer til menighetsarbeidet.



Tove Ølstøren er også i år ledar for
søndags (onsdags) skolen på Orkan-
ger. I år saman med Børre Olsen .

Eldretreff på Svorkmo misjonshus
blir det tysdag 11.10 kl. 11.

Søndag 23. okt. har NMS-misjons-
foreiningane fest på Svorkmo mis-
jonshus kl. 19. Prost Rogstad og res.
kap. Eidhamar er talarar.

Blåspeidarjentene på Fannrem og
Orkanger er og i gang med arbeidet
etter sommarferien. Mange var på
kretsleir på Nordmøre i sommar, og
noen Orkangerjenter hadde fin leir i
Rana.

Tjønnåsen blei innvigd 11.9. Denne
fine leirplassen er i bruk m.a. kvar
weekend. Forutan vanlege patrulje/
tropps/ og ledarkurs frå Svorkmo har
KFUM kretsen patruljeførarkurs der,
og 14. - 16. oktober er speidarane med
på stort amatør radiosamband mellom
norske- og svenske speidarar.

Vi minner igjen om møteserien i
Orkdal kyrkje 10. - 16. oktober der
Gabriel Eikli er talar.

Kanoane til Svorkmospeidarane er
også i flittig bruk av andre speidar-
grupper. Både 2. Tempe og 1. Rindal
har hatt kanoweekend på Svorksjøen.

Karen Helene Hagen, Fannrem er
valt til ny kretsleder i Trøndelag for
Det Hvite Bånd. Ho er også formann
i Orkdal forening.

Bibeltime på bedehuset onsdag
5.10 kl. 20. v. kallskap. Sletthjell.
Det vil bli bibeltimar på Orkanger
kvar 14. dag utover.

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s


BARDSHAUG

Er din angst
stor,
så er det en
som er større,
en som vet
hvordan angsten
skal overvinnnes:

JESUS
KRISTUS,

kall
på
Ham!

MB



La oss be

— for kristendomslæringa i skolen
— for søndagsskolane
— for konfirmantundervisninga

La oss takke

— for våre 4 vakre kyrkjehus
— for dåpen
— for nattverden